

Referat Skulemiljøutvalet 13.01.22

Til stades: Trond Hystad, Pål Helland, Renate Weiby, Oivind Johnsen, Eirik Larsen, Svenn Liodden, May Elisabeth Monsvik, Ingen frå elevrådet.

Saksliste:

05/21-22 **Elevundesøkinga**

Pål informerer om resultatet, og går litt meir i detalj på det som går på trivsel og korleis elevane opplever skulekvardagen, og kva skulen skal arbeide med framover. Det vart også informert om at det vil kome ei ny revidert undersøking våren 2024.

05/21-22 **Parkourbanen**

Det er ingen som har meldt seg til dugnad. Rektor kom med innspel i FAU om å sette ned ei elevgruppe som kan jobbe med dette. Det kom tips om å undersøkje om det er mogleg å få tak i massar frå arbeidet i Kleivane eller på skuleområdet. Trond/Pål set opp eit regnskap/budsjett. Pål kaller inn til møte.

06/21-22 **Dugnadsgruppe**

SKMU ønskjer at FAU set ned ei fast dugnadsgruppe som har ein fast dugnadsdag i løpet av skuleåret for å ivareta parkourbanen og anna utstyr på skulen. Det er ønskjeleg at denne oppgåva vert gitt til eit fast klassesgrupp (for eksempel 4. Klasse), slik at ikkje dei same folka sit igjen med arbeidet kvart år.

07/21-22 **Koronasituasjonen**

Informasjon frå Rektor: Framleis gult nivå. TL programmet er satt på pause. Dette vert gjenopptatt ved grønt nivå.

08/21-22 **Ymse**

Det ver informert frå Rektor om at det vert utarbeidd eit amfi på skuleområdet, og at elevrådet har kjøpt inn nokre ekstra bordtennisbord.